

Referat styremøte Voss Idrettsråd

Tid: Tysdag 03.januar 2017
Stad: Idrettshallen
Tilstades: Asle Bergstrøm, Nils Een, Einar Melve, Renate Lunde og Frode Rokne
Nils Helge Kvamme (invitert)
Forfall: John Gustav Nes, Borghild Haugo Ure, Brit Elisabeth Dahle

Sak 1 Referat og leiar sine kommentarar

Godkjenning av referat frå møtet 22/11-16

Leiar sine kommentarar til enkelt saker i referatet:

- Sak 4 skytebane idrettshall, leiar har ikkje høyrd noko frå ordførar ang møte om saka. Ihht. Nils Helge Kvamme skal denne vera send 16.12-16.
- Sak 6 idrettskonferanse, leiar har send mail til ordførar om kommunen si deltaking utan å få respons
- Sak 8 NIF har send ut brev ang forenkling av drift av idrettsråd (i all hovudsak IT-løysingar)
- Sak 9 gåvemidlar OL-Fjord Norge, tildelt kr 190.000 frå 3 bankar, Opus Bergen vil laga moglegheitsstudie
- Sak 10 tilskot VIR til trenarutdanning, ein søknad kome inn ca. 14 dagar før fristen

Sak 2 Frivillighetsgruppe

Nils Helge informerte om at det skal etablerast ei arbeidsgruppe med kommunale representantar, frivillige organisasjonar samt 1 representant frå VIR (representant for idretten). Undersøking blant målgruppa skal gje informasjon om lag/organisasjonar, behov, bidrag, kva som fungerer/ikkje fungerer i samarbeidet mellom kommune og frivillige organisasjonar. Arbeidsgruppa skal koma med resultat (organisering/arbeidsform) innan utgangen av 2017. Frode informerte om Destinasjon Voss si planlagde heimeside for arrangement – praktisk gjennomføring, søknadsskjema, utstyr etc. til bruk i arrangement - sjå eit tilsvarande døme for denne heimesida: www.arrangementskontoret.no

Vedtak:

Styret vedtok at VIR sin representant vert Nils Een, vara Renate Lunde. Styret var einstemmig. Fyrste møte 8.februar 2017kl 1630 med informasjon frå Frivillighet Norge.

Sak 3 Spelemidlar 2017

Asle informerte om at det er kome inn søknader på totalt 77 MNOK mot 26 MNOK i fjor. Stor auke pga. mange store, nye prosjekt som Nye Voss Gymnas, Nye Voss Vidaregåande, Vossabadet etc. Nils Helge informerte om kommunen si prioritering; gamle søknader rykker opp i køen, medan nye vert fylt opp frå botnen av. Utfordring med spelemidlar er ei lang ventetid før utbetaling lokalt på opp mot 5 år mot NIF sitt landsgjennomsnitt på 3-4 år. Asle har utarbeida eit skriv til MKU/HFK med oppfordring om betre tildeling til prosjekt på Voss samt å få redusert ventetida – skrivet var gjennomgått på styremøtet.

Vedtak:

Styret vedtok at VIR sender Asle sitt skriv til MKU-møtet 5.januar 2017. Styret var einstemmig.

Sak 4 OL-Fjord Norge

Asle informerte om at prosjektet har fått tildelt kr 190.000 frå 3 lokale bankar. Initiativtakarane bak prosjektet vil engasjere Opus Bergen for moglegheitsstudie for OL på Voss-Bergen-Stavanger.

Vedtak:

Styret tok orienteringa om OL-Fjord Norge til etterretning. Styret var einstemmig.

Sak 5 Sentralidrettsanlegg

Asle informerte om at han har sendt eit skriv til kommunen ved ordføraren med utfordringar og ulike forslag i samband med utbygging i/rundt sentralidrettsanlegget i Prestegardsmoen. Moment som er

belyst er nytt idrettshus, HFK/kommunen sine anlegg (bruk/prisar), parkering, tribunar, eksperthaugen etc. Asle avventar svar frå kommunen.

Vedtak:

Styret tok orienteringa om sentralidrettsanlegget til etterretning. Styret var einstemmig.

Sak 6 Samarbeidsavtale VIR og Voss kommune

Asle informerte om at Nils Helge jobbar med eit utkast til revidert avtale.

Vedtak:

Styret tok orienteringa om samarbeidsavtale mellom VIR og Voss kommune til etterretning.

Styret var einstemmig.

Sak 7 Lokal idrettskonferanse

Ref. sak 5 sentralidrettsanlegg. Asle vil sende eit brev til idrettslaga på Voss om at det vert ein lokal idrettskonferanse der laga må førebu sine tankar/ynskjer for sentralidrettsanlegget. Den lokale idrettskonferansen vil so omhandla desse ynskja (før det vert igangsett ein meir formell arealplanlegging i kommunal regi).

Vedtak:

Styret vedtok at leiar i VIR sender dette brevet til laga, og at VIR tek initiativ til ein lokal idrettskonferanse om laga sine ynskjer/tankar om sentralidrettsanlegget.

Styret var einstemmig.

Sak 8 Føredrag Marco Elfasadi

Asle informerte om at VIR har vedteke å gje kr 5.000 til eit føredrag om eigenutvikling for idrettsutøvarar med føredragshaldar Marco Elfasadi. Føredraget vert gjennomført på Park Hotell 26.januar 2017, og er ope for alle.

Vedtak:

Styret tok orienteringa om føredrag med Marco Elfasadi til etterretning.

Styret var einstemmig.

Sak 9 Årsmøte 2017

Nye retningslinjer frå NIF gjer at idrettsråda må ha gjennomført årsmøte innan utløpet av juni (tidelgare utløpet av april).

Vedtak:

Styret vedtok at VIR sitt årsmøte vert halde tysdag 23.mai 2017 på Fleischers Hotell.

Styret var einstemmig.

Sak 10 Ymse

a. Flaumsenking

Asle tok opp saka om flaumsenking og VIR sitt engasjement. Styret vedtok at Asle sender eit skriv på vegne av VIR til Kommunestyremøtet 12.januar 2017 der ein påpeikar viktigheita av flaumsenking mtp. skadar på idrettsanlegg (idrettshall, kunstgrasbanar). VIR skal ikkje ta stilling til kva tiltak som er best for idretten (ikkje for/mot utbygging av Raundalen).

b. Rekneskap 2016 og budsjett 2017

Utkast rekneskap 2016 for VIR/Hegboms Minnefond samt budsjett. Frode gjekk gjennom utkast til rekneskapa for 2017, og budsjett for 2017. Styret tok orienteringa til etterretning. Rekneskapa og budsjettet vil verta vedteke endeleg på eit seinare styremøte.

c. Styrehonorar 2016

Styret vedtok at Nils og Frode utarbeider eit utkast til fordeling av styrehonorar for 2016 (utbetaling 2017) til neste styremøte.

Referent Frode Rokne